



Arkivnr: 2015/11183-9

Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet		

Analyse og plan for selskapskontroll for perioden 2016 - 2020 - Prosessmøte I

Bakgrunn for saka:

Kontrollutvalet gjorde slikt vedtak i sak PS 127/15 i møte 18.12.15:

1. *Kontrollutvalet ber Deloitte AS gjennomføre overordna analyse av risiko- og vesentlighetsvurderingar i Hordaland fylkeskommune, samt utarbeide forslag til plan for selskapskontroll for perioden 2016 – 2020.*
2. *Forslag til prosjektplan av november 2015, med dei endringar som kom fram i møtet, ligg til grunn.*
3. *Det er ei målsetting at prosessmøte I skal gjennomførast i møte i kontrollutvalet 4.4.2016 og at prosessmøte II skal gjennomførast i møte 21.6.2016.*
4. *Det er vidare ei målsetting at forslag til plan for selskapskontroll for 2016 – 2020 skal leggjast fram for fylkestinget i oktober 2016.*

I samband med oversending av partsbrev til Deloitte 22.12.15 hadde sekretariatet slik påskrift:

«Det vert vist til saksframlegg til denne saka der det m.a. står:

«Prosessmøte I kan t.d. gjennomførast i møte 4.4.2016 og med statusrapportering på framdrift i arbeidet frå Deloitte i møte 16.2.2016. Vidare kan prosessmøte t.d. gjennomførast i møte 21.6.2016 og med statusrapportering på framdrift i arbeidet frå Deloitte i møte 2.5.2016. Dersom det vert ei slik gjennomføring av prosessen vil endeleg forslag til plan for forvaltningsrevisjon kunne leggjast fram for kontrollutvalet i møte 31.8.2016 og for fylkestinget i oktober 2016.»

Det betyr at det vert lagt opp til at Deloitte orienterer kontrollutvalet kort om status i arbeidet 16.2.16 og 2.5.16, i tillegg til dei to prosessmøta.»

Drøfting:

I dette møtet har Deloitte lagt opp til å gjennomføre «Prosessmøte I» som i den godkjende prosjektplanen vert omtala slik:

«I det første prosessmøtet vil kontrollutvalet få høve til å diskutere og vurdere risikoar innanfor fylkeskommunen sine ansvarsområde, basert på eigen erfaring frå arbeidet i kontrollutvalet. I denne prosessen vil vi ta i bruk eit «risikospel» som har ei oversikt over dei ulike tenesteområda i fylkeskommunen. Ved bruk av farga spelbrikker får kontrollutvalsmedlemmene høve til å vurdere risiko knytt til ulike tenesteområde.

I byrjinga av møtet vil revisjonen orientere om kva data som er samla inn så langt og ev. om det peiker seg ut nokre område som det kan vere knytt risiko til basert på undersøkingane som er gjennomførte.»

Det er både naturleg og praktisk at dette prosessmøtet vert gjennomført rett etter og/eller parallelt med arbeidet som skal gjennomførast innan analyse og plan for forvaltningsrevisjon, jf. anna sak til dette møtet.

Konklusjon:

Det vert tilrådd at kontrollutvalet, på bakgrunn av prosessmøte I, tek analysearbeidet for selskapskontroll så langt til orientering.

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tek, på bakgrunn av prosessmøte I, analysearbeidet for selskapskontroll så langt til orientering.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
utvalgssekretær

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.